




Wilfred Wessel Berthelsen  
Gaustad  
5918 Frekhaug

16. februar 2007

**Gnr. 39, parsell av del av bnr. 1.  
Hytter.**

Eg viser til synfaring 27. jan. 07.

Parsellen av bnr. 1 som er aktuell for hyttebygging ligg nord for Skjeleviki, opp mot Osphaugen. Det ligg frå før to hytter i området, på frådelte parsellar like ovafor Skjeleviki (bnr. 13 og 14).




## Oversiktskart

Kommunen har planar om framføring av ny hovedvassleidning langs vestsida av parsellen (eller langs hovedvegen) i løpet at dei nærmaste par åra.

Parsellen har strandlinje til Radsundet, det utsleppstilhøva er gode.

Toppen av Osphaugen når opp til om lag 40 meter over havet.




### Situasjon

Dei mest aktuelle hyttelokalitetane er etter mi vurdering ryggen på sørsida av Osphaugen på nivå ca. kote 25, og ryggen søraust for bnr. 14, på ca. kote 20.

Vurdert ut frå kart med koteavstand 5 m verkar terrenget såpass kupert at det kan vera vanskeleg å koma fram med veg til alle parsellane, men det vil relativt lett kunna byggjast veg opp til felles parkeringsplassar på ca. kote 15.

Etter mi vurdering ligg tilhøva til rette for vidare utvikling av eit lite hyttefelt



Her er det skissert 9 tomтар fordelt på tre grupper, med vegar (raud stipla strek) til felles parkering og gangstiar (raud prikka strek) derifrå fram til hyttene. Tomtane varierer i storleik frå om lag 600 til om lag 1000 m<sup>2</sup>. Til tomtane kan det knytast festerettar for båtar lagt på svai i Radsundet, her illustrert i to grupper.

Det bør avklara med bygningsstyremaktene i kommunen

- om det vil verta stilt krav om reguleringsplan som grunnlag for utbygginga
- om området først må avsetjast som byggjeområde for hytter i kommuneplan
- korleis kommunen vil rá til at ein bør ga fram i det vidare utviklingsarbeidet.

Dette notatet kan nyttast som grunnlag for vidare arbeid med saka.

Med helsing

*Vidar Myrs*